

Fraa skuleborni i Uskedalen

til

lærer Jørgen Thunold.

Tone.: Blandt alle lande — —

Naar morgon' lyser paa lid og grend
me borni ruslar ein veg so kjend:
med bok og taske
til skulen — raske —
vaar gang er vend.

Der saadde Thunold i lange aar
og lagde frækorn for framtid vaar;
or bok og leksa
kann ogso veksa
ein framgangs-vaar.

Med A.B.C.a og lesebok
og tal paa tavla vart mang ein klok. —
Ja visst me kava
og skreiv og stava
og „lærdom“ tok.

Me las vaar sogi i ord og kvad
og mangt fekk vita um land og stad,
um berg og blaane,
um sol og maane,
um stjernerad.

Han gildt fortalde -- naar me sat still'
um strid og siger, um sorg og smil.
Han leksa spurde
og anna gjorde —
som maatte til — .

Nok helst han lærde oss ordet som
fraa himlen ned til oss smaae kom
um han som gjerne
vaart liv vil verna
mot død og dom.

Vaar gamle lærer! Idag me ber
vaar takk for verket du gjorde her!
Som aari lakkar
me meire takkar
og heidrar gjer.

